

Prosjektet

Landskap i drift

1. Innleiing og bakgrunn

Naturen er heile tida i endring. I løpet av ein generasjon eller to kan eit landskap heilt skifte karakter. Men det kan og ta lang tid – som då kystbøndene på Vestlandet brukte fleire tusen år på å skape dei opne lynchheiene som er så særmerkte – og som no er i ferd med å forsvinne fordi det på nytt veks skog i desse områda.

Då dei første bøndene (bufaste) tok til å rydde skogen for fleire tusen år sidan, var det for å gje plass for jordbruk i forskjellige former, innmark med åker og eng, utmark med beite, stølår og utslåtter.

Fiskarbonden sitt trelause landskap strekte seg i vårt fylke om lag 30 til 50km inn i landet, då det hadde si største utbreiing for om lag 50 til 100 år sidan.

Aust for lynchbeltet var avstanden til fjellet kortare og vintrane for harde til at feet kunne gå ute heile året. Langs med fjordane utvikla det seg reine bondesamfunn som henta all si inntekt frå det jorda kunne gi. Her fekk ein både utslåtter, beiteskogar og seterbruk saman med frodige innmarksenger, korn- og potetåkrar og frukthagar.

Det er denne gradienten i landskapet – frå havet og til dei indre fjordane, som er Hordaland sitt særmerkte landskap – og det er dette landskapet det er semje om at det er viktig å ta vare på, eller å hindre at forsvinn. Det er dette landskapet som er eit kulturminne av like stor verdi som stavkyrkjene.

Både fiskarbonden og fjordbonden sitt landskap er no i sterk endring som følgje av både den moderne landbrukspolitikken, som krev effektiv og rasjonell drift. Men og som følgje av at Noreg kan importere både for og matvarer til ein billeg penge, slik at det ikkje lenger er trong for det som vert produsert i det smålåtne og kuperte landskapet i vårt fylke.

Når dette landskapet som det har teke generasjonar å forme forsvinn, er det arven frå middelalderen som er i ferd med å gå tapt rett for auga våre.

2. Basis for eit prosjekt som skal arbeide med spørsmålet om attgroing

Eit prosjekt som skal sjå nærare på utfordringane knytt til å halde vedlike kulturlandskap i alle delar av Hordaland, har si grunngeving både i Regionalt Næringsforum sine programdokument for 2007, i sentrale landbruksstyresmakter sine styringsdokument og i resultat frå tidlegare prosjekt i regi av fylkesmannen si landbruksavdeling i Hordaland.

Men skal prosjektet ha legitimitet må dei tema som vert teke opp i prosjektet finne gjenklang hjå forbrukargrupper og hjå landbruksnæringa – sidan landbruket med si næringsaktivitet skal syte for produksjon av kjøt og landskapet, medan forbrukaren skal syte for lønsemd i denne næringsaktiviteten.

Prosjektet må gjere einssilde val knytt nettopp til kva kvalitetar ein satsar på, kva forbruksgrupper ein har for auget når ein vel kva tiltak som vert satsa på. Desse vala må vere

resultat av samhandling og diskusjon mellom prosjektleiinga, styringsgruppa og næringsaktørane. Og sett i lys av politiske prioriteringar og faglege grunngevingar.

2.1. Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2007

Regionalt utviklingsprogram er Hordaland fylke sin handlingsplan for regional utvikling. Det er Regionalt Næringsforum som har laga programmet som "særleg skal stimulere til næringsutvikling og nyskaping i heile fylket, og sikre at alle aktørane jobbar i lag for å styrke verdiskapinga".

I programmet er reiseliv omtala som eit prioritert innsatsområde: "Hordaland er kanskje det fremste og mest komplette reiselivsfylket i landet, og har synlege konkurransefortrinn relatert til fjord, fjell, kulturlandskap(understreka av oss) og det levande urbane. Og vidare...kultur- og naturbasert reiseliv,..det unike og ekte..og lokal mat..." Lokal mat, lokalt særpreg og forankring, spissing av Hordaland sin identitet, dette er område for satsinga. I dette ligg at å ta vare på det særprega landskapet som skil Hordaland frå andre delar av landet må vere viktig.

Samstundes har programmet eit avsnitt om landbruket der det heiter: "Framover vil det vere sentralt at vi lukkast med å utvikle og synleggjere næringsutvikling knytt til kulturlandskapet, gardsturisme, kulturbasert næringsutvikling."

Programmet har og eit avsnitt om livskraftige lokalsamfunn. Eitt tiltak under dette er kulturmiljø, landskapsrestaurering og næringsutvikling som innsats i reisemåls- og bygdeutvikling.

Med andre ord kan ein seie at dette regionale programmet er eit sterkt anker for satsing på kulturlandskap og kontroll av attgroinga, på næringsutvikling og kreative løysingar for utnytting av det som veks i dei areala som no er ute av drift som grunnlag for produksjon av mat.

2.2. Sentrale styresmakter

Sentrale styresmakter er i denne samanhengen Landbruks- og matdepartementet. Både i jordbruksavtalesamheng og over sine egne driftsbudsjett, har dette departementet ei sterk satsing på kulturlandskapet. I gjeldande stortingsmelding om norsk landbruk og matproduksjon omtalar ein kulturlandskapet mellom anna som et miljøgode, saman med kulturminne, biologisk mangfald og god plante- og dyrehelse. Dette er langsiktige verdiar knytt til økologi, kultur, historie, estetikk, rekreasjon, kunnskap og vitskap. Desse miljøgoda verkar saman og aukar den totale nytten som samfunnet har av landbruket. Som eit ledd i regjeringa sitt arbeid for å sikre det biologiske mangfaldet, er det og eit mål å sikre og vedlikehalde kulturlandskapet i eit samspel mellom ekstensive driftsformar og aktivt (moderne) landbruk.

For landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland er det soleis et krav frå regjeringa at det vert sett i verk tiltak som kan vere med å ta vare på dei særmerkte landskapa som er Hordaland sitt bidrag til mangfaldet i landet, og som samstundes kan utnytte desse landskapa i aktiv næring. Vi etterlyser imidlertid Næringsdepartementet sitt engasjement - som ansvarleg for reiselivet

2.3. Forbrukaren

Når både den regionale utviklingsplanen og sentrale styresmakter legg vekt på forvaltning og vern av kulturlandskapet, heng det truleg saman med at dei tenkjer seg at velstelte og levande bygder med særprega landskap vert sett på som et produkt som forbrukaren verdsett.

Forbrukaren er ikkje nærare definert verken av sentrale eller regionale styresmakter, men er omtala både som turist, kulturinteressert, matinteressert eller ein miljømedveten person. Ut frå denne oppfatninga tenkjer ein seg at å tilfredstille forbrukaren med omsyn til å levere varen kulturlandskap, både vil skaffe legitimitet for overføringane til norsk landbruk, sikre landbrukspolitikken sin miljøprofil og samstundes bidra i seg sjølv til produktutvikling og inntening både for reiselivsnæringa og landbruksnæringa.

Det kan stillast spørsmål om kva kvalitetar ved landskapet er det forbrukaren verdsett mest. Dette er eit vanskeleg spørsmål å svare på, og uansett kva undersøkingar som vert gjort vil dei kanskje berre ha legitimitet i høve til dei definerte føresetnadene som er gjort i den einskilde undersøkinga. Generalisering vert difor ikkje lett. Uansett – i ei undersøking gjort blant studentar i høve til preferansar av landskap på vestlandet – kom det fram at det best likte landskapet var er eit tradisjonelt jordbrukslandskap med naturinnslag og element som knytte landskapet til tidlegare tiders gardsdrift. Aller best likt var eit tradisjonelt jordbrukslandskap der den menneskelege påverknaden var synleg og såg ut til vere i balanse med naturelementa. Landskap som synte moderne landbruk med store og dominerande bygningar og andre store strukturar var blant dei som kom dårleg ut i denne undersøkinga.

For dei best likte landskapa var det ein klar samanheng mellom kva bakgrunn folk hadde og dei svara som vart gitt. Både kjønn, landbrukskunnskap og heimstad, var avgjerande for kva landskap som var sett på som best. Folk med kunnskap om landbruket, og med røter frå bygdene hadde større toleranse for moderne landskap prega av aktivt landbruk. Kunnskap om landskapet ser dermed ut til å spille ei rolle for kva landskap folk forbinder med noko positivt. Kjensler er eit anne element. Tilknytting til det moderne kan også noko å seie – folk frå urbane område hadde større toleranse for moderne jordbrukslandskap.

Ein ser soleis at det å nytte forbrukaren/”den vanlege mann i gata” som referansepunkt for korleis ein vel å argumentere for nytten av ta vare på kulturlandskapet i alle høve ikkje er eintydig. Og at det må vere viktig for å målrette tiltaka i prosjektet at ein klarar å finne fram til dei mest etterspurde produkta frå kulturlandskapet anten det er mat, opplevingar eller ro og fred.

2.4. Landbruksnæringa

Det førre avsnittet synte at folk knytt til landbruksnæringa eller med kunnskap om landbruk, hadde større toleranse for eller likte betre dei landskapa som var prega av moderne landbruk. Dette er ikkje overraskande sidan landbruksnæringa sjølv har vore pådrivar for den utviklinga vi har hatt i norsk landbruk etter siste verdskrig. Ein har soleis ynskt effektiviseringa og rasjonaliseringa velkommen, og sett dette som uttrykk for at landbruket føl med i tida og er moderne. Det er såleis vanskeleg å få landbruksnæringa sjølv til å sjå det som tiltrekkande å satse på driftsformar som tek vare på tidlegare tiders kulturlandskap. Einskild personar med særlege interesser har gjort dette frivillig, men det er først i den seinare tida etter at styresmaktene har stilt pengar til rådevelde som ”lokkemiddel”, at landbruksnæringa har sett i gang tiltak/nye driftsopplegg med føremål å ta vare på kulturlandskapet slik det var. For å skape interesse og legitimitet hjå dei aktive bøndene for å ta vare på tradisjonelle landskap, må det på lang sikt vere pengar å hente i arbeidet med kulturlandskapet, som minst er på høgde med det bonden kan tene på moderne aktivt landbruk. Utfordringa vert å kunne

drive eit rasjonelt landbruk samstundes som kvalitetar i landskapet, bygningar og kulturspor vert sikra, tatt vare på og synleggjort.

Dette vert såleis eit viktig tema å arbeide med for å legge til rette for at meir av dei tradisjonelle jordbrukslandskapa framleis skal vere i bruk. Ei anna utfordring vert å sjå potensialet i attgroinga og korleis denne kan omformast frå noko negativt til noko positivt, som grunneigarane vil ta i bruk til næring – og på den måten forme attgroinga til ein del av vår tids kulturlandskap.

Å få landbruksnæringa i tale vert viktig i prosjektarbeidet, for utan aktiv interesse for utfordringane knytt til attgroing og kulturlandskap frå landbruket sjølv, er det uråd å sjå korleis ambisjonen som er skissert i det regionale utviklingsprogrammet og i regjeringa sine plandokument skal kunne realiserast.

3. Prosjektet

Det er ei utfordring å utvikle landbruket og landskapet i positiv retning, med dei virkemiddel som står til rådvelde. Utfordringane må møtast i eit samarbeid mellom grunneigarane, landbruket sine organisasjonar, faglag og landbruksforvaltninga. Men også dei gruppene/sectorane som i Regionalt Utviklingsprogram har talt varmt for det særmerkte Hordaland, for satsing på bioenergi, lokal mat og grønne reiselivsprodukt, vert oppmoda til å vere med å ta tak i denne utfordringa. I dag med mangel på kjøt i enkelte delar av året, spesielt lammekjøt, er det naturleg at dette prosjektet har to siktemål;

1. Sikre og utvikle kulturlandskapet
2. Bidra til større produksjon av kjøttproduksjon gjennom fleire beitedyr

Kulturlandskap er i utgangspunktet alt landskap der mennesket har sett sine spor. Men i prosjektet er det landskapet slik det er forma gjennom utnytting til produksjon av mat som er tema. Det gjeld jordbruket sitt kulturlandskap slik det er forma ved dyrking, slått, beiting og anna sanking til hushaldet, og slik det varierar i vårt fylke frå kyst til fjell. Dei lokale tilpassingane til naturen sine tilhøve og dei særmerkte landskapa som er skapt av desse tilpassingane er lede-tråd for arbeidet.

Det er mange kundegrupper til bonden sitt landskap. Dei som bur på staden, kultursektoren, turistane, hotell og restaurantar, historikarar, miljøvern, matindustrien o.s.b.. Men prosjektet må gjere eit val, og spisse seg i ei hovudretning. I denne samanhengen må vi fokusere på noko som kan vere ein fellesnemnar for kva alle desse gruppene er opptekne av. Slik me ser det er denne felles kvaliteten **det opne landskapet**.

Hovudmål for prosjektet "Landskap i drift"

Opent landskap gjennom aktiv drift.

Dette hovudmålet skal ein nå gjennom ulike former for satsing mot enkeltbruk og samarbeid mellom grunneigarar, utvikle modellar for drift og skjøtsel, økonomiske støttetiltak og kompetanseheving

Delmål I: Utvikle større beiteområde.

Med dette delmålet ynskjer ein å redusere nokre av dei ulempene som eigedomsstrukturen i vårt fylke fører med seg i dag. Ved å opne opp grensene mellom eigedommar og skipe til beitelag, oppnår ein meir rasjonelle einingar som det vert lettare og meir attraktivt å nytte. Samstundes syner resultat frå tidlegare prosjekt at samarbeidet som ein oppnår både kan vere til inspirasjon for den einskilde til å satse vidare på dyrehald, og kan gjere det lettare for medlemmane i eit beitelag å oppnå ferie og fritid meir i tråd med tilhøva for andre yrkesgrupper.

For at beitelaga/landskapa skal vere ein varig suksess, blir det naudsynt i prosjektet å arbeide for å finne formar for organisering av beitelag som er langsiktige.

Tiltak under delmål 1:

- Fleire beitelag
- Leggje til rette for større beiteområde
- Støtte til oppsett av gjerde.

Delmål II: Fleire beitedyr.

Det er viktig å stimulere til framleis drift i eksisterande føretak og ny drift i nye eller ”sovande” føretak både ift sau-, storfe- og geitehald.. Behovet for meir kjøtt både av lam og storfe er stort. Ein auke i dyretal vil vere viktig både for landskapet, men også for råvaretilgangen i butikk og restaurantar.

Tiltak under delmål II:

- Tilbod om rettleiing til føretak som ynskjer å starte opp produksjon eller som vil slå seg saman i samdrift.
- Marknadsføring av enklare og billegare driftsbygningar.
- stimulere til samarbeiding av ulike husdyrslag

Delmål III: Kompetanseoppbygging.

Med dette delmålet vil ein oppnå å utvikle kunnskap om kulturlandskapet og driftsmåtane, ikkje berre hjå bønder som skal stå for drifta, men òg hjå forbrukargrupper, reiselivsnæringa og hjå politikarane. Det syner seg i undersøkingar at kunnskap om landskapet og prosessane som formar det, er avgjerande for korleis landskapet vert forstått og ved det akseptert eller avvist.

Tiltak under delmål III:

- Utvikle kurs og etterutdanning tilpassa skjøtsel av landskapet og kvalitetsproduksjon av kjøtt
- Utvikle informasjonsmateriell som t.d. billedspel ”Framtidas Landskap” – til bruk for skular, bygdelag o.a.
- Produsere informasjon til media, forskning, skular, reiselivsnæring med meir om kulturlandskapet og det potensialet som finst for rekreasjon og næring.

Delmål IV: Entreprenørverksemd.

Under dette delmålet vil prosjektet arbeide med og stimulere til nye metodar, nye og alternative produksjonar med beitande dyr og landskapet som basis og grunnlag. Dei nye produkta kan både vere tenester eller produkt, men det kan og vere næringar som vert utvikla der landskapet er eit viktig fundament for dei nye produkta som vert levert.

Tiltak under delmål IV:

- Nye driftsmetodikkar i beitelandskapa; t.d. utleige av geit og sau til skjøtsel, sauehotell, rydde-entreprenørar
- Produktspekter, råvarer, kanalar for sal
- Merkevarerbygging; produktspekter kyst- og fjell-lam
- Turisme og landskap: Marknadsføre deltaking i t.d. sauesanking for "fjellturismen".
- Formidling av miljø og landskap

Dei erfaringane som vert gjort i prosjektet vil ein i neste omgang kunne nytte til å arbeide for å forbetre rammevilkåra for både dei som produserar sjølve landskapet, men og for dei som ynskjer å utnytte det opne landskapet til å skape nye næringar.

Det kan dreie seg om arbeid mot sentrale styresmakter for å få gjennomslag for nye tiltak, men og arbeid mot kommunale og regionale styresmakter for å arbeide med planprosessar, tettstadsutvikling eller utvikling av nye skulefag.

4. Tidsramme, organisering, økonomi og finans

Prosjektet har ein ramme på tre år. Fylkesmannen si landbruksavdeling vil halde prosjektleiar i 70% stilling. Internt på landbruksavdelinga vert det sett ned ei arbeidsgruppe. Elles vert det skipa ei styringsgruppe der ulike delar av landbruksnæringa med deira organisasjonar, Innovasjon Norge, Nortura, Fylkeskommunen og kommunane vert representert.

Det vert føresett at dei kommunar som skal trekke veksle på dette prosjektet, sjølv stiller opp med lokale ressursar i kommunal landbruksforvaltning eller på annan måte, slik at tiltaka vert forankra lokalt og at dette regionale prosjektet får lokale samarbeidspartnarar.

Dei konkrete tiltaka i marken som måtte verte resultatet av dette samarbeidet, vil kunne finansierast med bidrag frå det offentlege, men og frå landbruket sine organisasjonar, reiselivsnæringa og andre private aktørar der det måtte høve.

Oppstart – januar 2008 og avslutning desember 2010.

Budsjett for prosjekt i 3 år;

Personalkostnader (prosjektleder 70%)	1 100 000,-
Reise	225 000,-
Styringsgruppa	60 000,-
Kurs / samlingar	200 000,-
Kjøp av tenester	100 000,-
Tiltaksmidlar	1 500 000,-
I alt	3 185 000

Finansiering over 3 år:

Regionalt Utviklingsprogram	700 000
FMLA (lønn prosjektleder)	1 100 000
Landbruks – og matdepartementet	200 000 (avslått)
Bu-midler FMLA,	635 000
IN	275 000
Nortura	200 000
Faglaga	75 000
Sum	3 185 000